



## **Nye tider – nynorsk!**

**Prosjekt for å fremje lesing av nynorsk litteratur i  
Nordhordlandskommunane**

**Biblioteka i Nordhordland i samarbeid med  
LNK 2008-2011**

**2012**

# Kapittel 1

## Nye tider – nynorsk!

### Prosjekt for å fremje lesing av nynorsk litteratur i Nordhordlandskommunane

Dei 8 kommunale biblioteka i Nordhordland har frå 2008-2011 samarbeida om prosjektet "Nye tider – nynorsk". Alle deltagarkommunane er nynorskkommunar og ligg i omlandet til Bergen der bokmål dominerer og spreiar seg raskt. Dette gjer at skriftspråket her er utsett for større press frå bokmål enn mange andre kommunar med nynorsk som hovudmål.

Målet for prosjektet var å framheve og styrke nynorsk litteratur i folkebiblioteket, auke kunnskapen om variasjonen i den nynorske litteraturen hjå bibliotekpersonalet og utvikle nye metodar for å formidle han. Til prosjektet fekk vi omlag 20 % av dei ressursane vi meinte vi trengte. Men vi er takksame til Fritt Ord for medfinansiering og LNK som både tok initiativ til og var med å finansiere prosjektet. Midlane rakk til for eit treårig prosjekt og langt mindre omfattande enn LNK hadde planlagt. Prosjektet var tenkt som lokalt dei første tre åra og så utvidast til landsomfattande dei tre neste.

Til tross for dette, meiner vi at vi har oppnådd ein heil del i forhold til måla. Dette vil rapporten gje ei grunngjeving for.

### Meir populær?

**Vi vil påstå at den nynorske litteraturen nå er den mest tiltalande og lett tilgjengelege i biblioteka i Nordhordland.**

Kan dette dokumenterast med eit høgare utlån av nynorske bøker?

Det er interessant å samanlikne med utlånet før prosjektstart i 2008 og fram til oktober 2011 (grunna overgang til nytt registreringssystem og manglende detaljstatistikk i det nye systemet, har vi ikkje data ut heile 2011) med korleis det er for andre folkebibliotek i Noreg i same periode. Da er det enkelt å samanlikne med bibliotek som har utlånssystemet BiblioFil, dei registrar mesteparten av utlånet i norske folkebibliotek og har ein god statistikk liggjande på nettet <http://www.bibliofil.no/top100ustat.html>

Ein freistande påstand kan vere at nynorsk litteraturen ikkje vert formidla godt nok gjennom biblioteka. Om ein ser på utlån av nynorske bøker i norske bibliotek (BiblioFil) i 2008 for vaksne lånarar (i Nordhordland er statistikken for lånarane, men i BiblioFil er statistikken for vaksenbøker, noko som kan gje små forskjellar), viser det seg at 6 av dei 100 mest utlånte titlane til vaksne i Nordhordland frå 1.1. til 22.8. 2008 var på nynorsk. Av dei var 4 originalt skrive på nynorsk og 2 oversett frå andre språk.

Til samanlikning var 3 av dei 100 mest utlånte vaksenbøkene i BiblioFilbiblioteka per 1.4.2008 på nynorsk, 2 originalskrive på nynorsk.

Boktitlane på listene over dei 100 mest utlånte i BiblioFil og i NH er mykje dei same, med små lokale variasjonar.

Ser ein så på resultatet etter prosjektperioden viser det seg at av dei 100 mest utlånte titlane til vaksne i Nordhordland frå 1.1. til 18.10 i 2011 var 4 bøker på nynorsk, av dei ei vaksenbok – Arne Hjeltnes: Ivar Nimme og 3 barnebøker – to av dei av Maria Parr. Av desse fire vart berre to innkjøpt på innkjøpsordninga, men 3 av dei 4 bøkene er originalskrive på nynorsk. Til samanlikning var berre 1 av dei 100 mest utlånte vaksenbøkene i BiblioFilbiblioteka per 1.10.2011 på nynorsk, Carl Frode Tiller: Innsirkling, på 99.plass.

Bøkene til **Maria Parr**, ligg så høgt på listene for vaksenutlån, takka vere ei aktiv og medvite formidling av at dei er morosame og gode også for vaksne.

Utlånstala er nedslåande, men hadde truleg vert verre utan aktiv formidling. Biblio filbiblioteka har berre **ein** tittel med på nynorsk, på **99**. plass av 100!


Frå 1.1.til 22.8 2008 var **59** av dei 100 mest utlånte titlane til vaksne i Nordhordland originalskrive på bokmål, 47 med i innkjøpsordninga frå Kulturfondet.

**65** av dei mest utlånte vaksenbøkene i Biblio filbiblioteka per 1.4.2008 var originalskrive på bokmål, 59 Kulturfondbøker.


Til samanlikning var **47** av dei 100 mest utlånte titlane til vaksne i Nordhordland frå 01.01.til 18.10.2011 originalskrive på bokmål, 42 i innkjøpsordninga frå Kulturfondet, tilsvarende for Biblio filbiblioteka per 1.11.2011 var **41** originalskrive på bokmål alle i innkjøpsordninga.

Det er kraftig tilbakegang i utlån av bøker frå norske forfattarar som skriv på bokmål til under halvparten av dei 100 mest populære bøkene i denne perioden, omlag ein tredel tilbakegang for Biblio filbiblioteka og 20 % for Nordhordlandsbiblioteka. (NH).


Når det gjeld samla utlån av nynorskbøker til vaksne i perioden, var dei i 2007, før oppstart av prosjektet 5495 og i 2010 (våre siste tal delt på språk) 4995, altså ein liten nedgang (9%).




For bokmål viser tala ei jamn auke i heile perioden frå 193408 i 2007 til 203048 i 2010 (5%). Utlån til både barn og vaksne viser jamn stiging frå 2001



Når det gjeld utlån til barn er tala slik:





Ved oppstart av prosjektet var **13** av dei 100 mest utlånte titlane til barn i Nordhordland frå 1.1. til 22.8. 2008 var på nynorsk. Av dei var **2** originalskrive på nynorsk og 11 oversett frå andre språk. Mens 40 av hundre mest utlånte bøkene til barn i Nordhordland var originalt skrive på bokmål.

Til samanlikning var **ingen** av dei mest utlånte barnebøkene i Biblio filbiblioteka per 1.4.2008 på nynorsk, medan 29 av 100 var originalskrive på bokmål.

Men elles er bøkene på desse listene mykje dei same, Rowling med Harry Potter, alle bøkene til Jørn Jensen, Rampete Robin-bøkene, Karsten og Petra-bøkene til Bringsværd. Seriar generelt både norske og omsette, dominerer heilt og fullt før prosjektstart. Nemnast må også at kunstdetektivserien til Bjørn Sortland er godt representert på begge lister. Sortland skriv både på bokmål og nynorsk, dessverre er kunstdetektivserien berre på bokmål. Skal tro om dei hadde vore like mykje utlåna i heile Noreg om dei var på nynorsk? Og korleis ligg utlån til barn an ved prosjektslutt hausten 2011?

**16** av dei 100 mest utlånte titlane til barn i Nordhordland frå 1.1. til 18.11. 2011 var på nynorsk. Av dei var 8 originalskrive på nynorsk, men berre 2 innkjøpt av Kulturfondet og altså halvparten oversett frå andre språk. Også 16 av dei hundre mest utlånte bøkene til barn i Nordhordland var originalskrive på bokmål heile 4 av dei var skrive av Bjørn Sortland (på bokmål).

Til samanlikning var **ikkje nynorske bøker med** mellom dei mest utlånte barnebøkene i Biblio filbiblioteka per 1.10.2011, medan 41 av 100 titlar var originalskrive på bokmål.

Bøkene på listene både i Nordhordland og Biblio fil er framleis og ennå meir enn i 2008, dominert av seriar og stort sett dei same som i 2008, sjølv om serien til Magne Widmark har kome til for fullt og nokre andre har blitt mindre talrike. Av dei mest populære ligg framleis Bjørn Sortland godt an, alle hans 12 bøker om kunstdetektivane er på Biblio fils 100 på topp, mot 6 i Nordhordland. Nordhordlandsbiblioteka (NH) har derimot med 4 av bøkene om Knoterud FK av Lars Mæhle i Leseløveserien på nynorsk, Lars Mæhle er ikkje representert hos Biblio fil.

Nemnast må også at Jørn Jensen er svært populær på begge lister i heile perioden, men i NH er nesten alle bøkene hans som er omsett til nynorsk mellom dei 100 mest utlånte.

Statistikk for utlån av bokmål og nynorsk har vi ikkje for 2011 i NH, grunna nytt utlånssystem som ikkje gjer dette mogleg, men vi har for 2007 og 2010.

I 2007 lånte Nordhordlandsbiblioteka ut 110291 bokmålsbarnebøker og i 2010 :120430, ei auke på vel 9 %

Utlånet av nynorskbøker til barn var i 2007: 5701 og i 2010 heile 7370, altså om lag **30%** auke.

**Så merksemda rundt den nynorsk barnelitteraturen har ført til auke i utlån av barnbøker totalt og ei kraftig auke i utlånet av nynorske barnebøker.**

## Skulering

Grunna for små ressursar, har det ikkje vore mogleg å kartleggje på kva område det manglar nynorsk litteratur og å ta kontakt med forlag om dette.

Men det ein har funne ut, er at framsida på mange nynorskbøker er for kjedelege og fengjer ikkje lånarane. Det kan virke som om ein god del forlag og forfattarar ikkje veit kor viktig framsida er. Korleis og kvifor skal folk få lyst til å lese ei bok i dag, i eit samfunn kor vi dyngast ned i freistande bilet og tilbod av alle slag? Det er jo framsida som skal vekke appetitten, så ein grip boka og tittar inni. Få forfattarar er så kjente og får så mykje omtale at lesarane kjem og spør når dei gir ut ei ny bok.

I desse tre åra har dei tilsette i alle NH-biblioteka gått gjennom mesteparten av den litteraturen som er registrert på nynorsk i våre bibliotek og presentert han for kvarandre. Vi har da funne ut at mykje nynorsk litteratur er for ordinær. Den følgjer ikkje Einar Økland som meiner at: "*Skal den nynorske barnelitteraturen overleve, må han vere best!*" Eg vil gjerne utvide det til å gjelde all litteratur på nynorsk. Men korleis ligg det an?

Inntrykket er at det er minst like mykje uengasjerande og uinspirerande litteratur på nynorsk som på bokmål. Og det er ikkje bra. Det gjer at folk flest får eit inntrykk av at det er mykje kjedeleg litteratur på nynorsk, sidan han berre utgjer ein liten del av det som samla vert utgjeve og det samstundes prosentvis er så stor sjanse for å treffe på ei kjedeleg eller likegyldig nynorskbok, når ein heilt tilfeldig plukkar opp ei for å lese. Her må forлага ta sitt ansvar meir alvorleg. Det held ikkje at ei bok er språkleg god, om han ikkje har ei historie å fortelje eller kjem med nye tankar, nye synsmåtar, overraskingar eller ny innsikt.

Utlånsstatistikken i biblioteka talar sitt tydelige språk om kva folk vil ha.

Bibliotekarane kan hjelpe med å finne dei gode bøkene, perlene, men vi treng fleire av dei om vi skal halde fram med å prioritere nynorsk.

Med denne grundige gjennomgangen, har vi også fått bekrefta at det er for lite faglitteratur for barn på nynorsk, men diverre også funne ut at den som er slett ikkje alltid held faglege mål.

Prosjektet har jobba mykje med å skulera dei tilsette i biblioteka, så dei lettare kan anbefale god nynorsk litteratur.

Alle tilsette har delteke på to seminar kvart år med presentasjon og vurdering av mest heile fjarårets utgjevingar både av barnelitteratur og voksenlitteratur, faglitteratur og skjønnlitteratur. Så for åra 2008-2010, har bibliotektilsette i Nordhordland særskilt god kunnskap.

Det er dei tilsette sjølv som har presentert bøkene, noko som også aukar tilliten til vurderingane og aukar formidlingsevna hos dei tilsette på biblioteka når dei skal tilrå litteratur. Dei har blitt meir sjølvskre og kan formidle nynorsk litteratur på ein offensiv måte, men og meir kritiske grunna eigen erfaring og kollegaer vurdering.

Den nynorske litteraturen er lettare å gripe til no enn før prosjektstart, sidan han er godt kjent.

Men ein har også kunnskap om kva som er därleg litteratur og dette vert ikkje formidla og bøkene vert flytta frå hyllene. For meir om dette opplegget, dei såkalla Alverseminara sjá kapittel 2.

Der det er parallellutgåver både på bokmål og nynorsk vert bokmålsutgåva plassert i magasin, dersom nynorskutgåva er god nok. Nynorskutgåva får ei dominerande posisjon i formidlinga. Plan for omlegging av bokval og profilering av den nynorske litteraturen, er gjennomført i Nordhordlandsbiblioteka, men i noe vekslande grad, av økonomiske grunnar. På alle fellesmøte i NH, har det blitt presisert at ein må kjøpe inn meir god nynorsk litteratur. Mykje meir av nynorsk kvalitetslitteratur av er nå på utstilling i biblioteka. Ved bokval vert nynorske bøker kjøpt inn oftare enn før i alle genre, der det er mogleg og han tilfredsstiller kvalitetskrava. Dei åtte biblioteka vil nok ha ulik profil med omsyn til dette, men alle har styrka nynorsktilbodet. Bokstamma er oppdatert på nynorsk no, der den økonomiske situasjonen tillet det. Ein har mange fleire eksemplar av populære nynorske barnebøker nå enn før.

## Metodar

Kvart år i prosjektperioden har vi hatt ulike formidlingstiltak for å fokusere på nynorsk litteratur. Tiltaka har vore både for barn og vaksne, her kan nemnast : To litteraturklovnar på 40 skular i Nordhordland til om lag 600 barn og forskjellig litterære utstillingar både for barn og vaksne. Elles har vi mellom anna gjort følgjande for å fremje nynorsk litteratur:

**Multikulturell og multimedial vandreutstilling** "Ingen stad som her" <http://kulturellveving.no/> med opning på Osterøy og skodespelaren Linda Fosse med Aslaug Laastad Lygre-program. Utstillinga vart vist på poesifestivalen på Lygra. På Lygra hadde vi mykje program plakatutstilling om Aslaug Laastad Lygre og hennar dikt, samt lyrikkspå for barn, ungdom, vaksne og i Hauge-lyrikk i Lindåsbokbussen Nyfiken. Vandreutstillinga held så fram i dei andre Nordhordlandskommunane, til saman 6 plassar. Det var svært stor interesse for utstillinga og mykje publikum. Meir om dette opplegget i kapittel 3.

«**Lyrikkspå**» vart utvikla spesielt som metode for å formidle lyrikk til barn, unge og vaksne på ein morosam måte. Lyrikk av mange nynorskforfattarar vart lese og vurdert med tanke på om dei inneheld ein spådom og så plukka ut og nummerert til å passe i «spåen». Når du vart spådd i dikt fekk du etterpå diktet med deg i eit fint kort med tittel: «Dikt for deg i». For meir om opplegget og erfaring med det sjå i kapittel 4.

«Spådamene» var både på Lygra og rundt i dei lokale biblioteka. Dette er eit konsept vi vil vidareutvikle seinare med meir dikt og større bredde. Det gav spaning og interesse for lyrikken. Vi bør nok også finne dikt for barnehagebarn.

**Kortspel** inspirert av eit engelske kortspelet om barnebøker, bilkarta frå åttitalet og "Rachels metode" for vurdering av bøker, gjekk vi fryktlause i gang med å lage vårt eige kortspel for 5.-7. klasse, med utgangspunkt i 28 nynorske barnebøker og våre eigne kategoriar. Kortspelet er framleis under utprøving, for meir om kortspelet sjå kapittel 5. For foreløpig vurdering sjå vedlegget kapittel 5. av Marit Gro Berge.

[http://www.mitnordhordland.no/index.php?option=com\\_wrapper&view=wrapper&lt;mid=75](http://www.mitnordhordland.no/index.php?option=com_wrapper&view=wrapper&lt;mid=75)

**Bloggar :** [Godboka - blogg](#)  
[Nynorsk – blogg](#)

Bloggene med omtale av gode nynorske bøker er kome godt i gang og nye bøker vert vurdert kvar veke.

## Nynorsk attraksjon

Mykje arbeid vart lagt ned i ideen om Nynorsk attraksjon, men ein fekk ikkje NRK eller Bergens Tidende med på dette og det vart ikkje tid til å jobbe meir med det. Tanken var å få til ein

konkurranse i samarbeid med media om ein nynorsk lyrikkholmgang med lokale attraksjonar av alle slag både fysiske og imaginære som tema for dikting. Kven var flinkast til å dikte på direkten (poesislam?) Vi hadde alt avtalt med Linda Eide og Sylfest Lломheim at dei skulle vere dommarar, men NRK, BT og fleire sa nei og utan mykje mediefokus, ville det ikkje gå.

Men kanskje kan vi få det til som ungdomspoesislam i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek og Ungdomens kulturmönstring?

### **Litteraturfestival**

Vi avslutta prosjektet med ein stor litteraturfestival med heile 3621 deltagarar og 119 arrangement for både vaksne, ungdom og barn i alle kommunane i Nordhordland. For barn og ungdom 93 arrangement og 2800 deltagarar. Sjå eigen presentasjon i kapittel 6 og 7.

### **Anna**

Vi har hatt mange forfattarbesøk og møte med profesjonelle formidlarar og fagpersonar av ulike slag prosjektperioden. Det tradisjonelle forfattarbesøket der forfattaren les, fortel om skrivinga si og svarar på spørsmål, har vore ein del av dette tiltaket, men vi har òg prøvd å setja besøka inn i nye og spennande samanhengar. Vi har hatt t.d. lese- og skrivekurs med forfattarar og ymse slag litteraturproduksjonar og samarbeid med andre kunststarter, som musikk, biletkunst, videokunst og kunsthåndverk.

### **Gjennomføringa**

Svært mykje tid, særleg i 2010, har gått med til å söke om prosjektmidlar for å få eit større prosjekt og prosjektleiar i 70% stilling.

Å avkläre rettigheitar i samband med kortspel og dikt til puffane, var også tidkrevjande, men ein fekk ikkje nok prosjektmidlar til å gjennomføre prosjektet som planlagt.

Men vi har hatt gode økonomiske støttespelarar særleg i LNK (Landssamanslutnaden for nynorskkommunar), Fritt Ord, Hordaland fylkeskommune og fylkesbiblioteket, samt stor innsats frå dei tilsette på folkebiblioteka i Nordhordland.

### **Vegen vidare**

Etter å ha lese mykje nynorsk lyrikk og omtrent all nynorsk skjønnlitteratur, mykje fag og all fag og skjønn for barn i løpet av desse åra, oppdaga ein og kanskje ikkje uventa, at det er meir kraft og kvalitet i lyrikken enn i prosaen.

Så kom sanninga fram: denne lyrikken må kome meir, enklare og betre ut til folk og ikkje minst som "brukslyrikk" til mange samanhengar og markeringar. Difor tok vi med i søknaden til Hordaland fylkeskommune om KUP-midlar i 2010 at ein ville opprette ein nettstad for nynorsklyrikk, der ein får opp dikta i fulltekst, enkeltvis og dei kan søkjast opp etter emne og tema og for bruk i ulike samanhengar.

Dette fekk vi ikkje pengar til, men det er ein god ide som bør vidareutviklast.

Kanskje er dette den beste måten å fremje nynorsk skjønnlitteratur på?

Kanskje kan dette vere eit aktuelt prosjekt for å fremje den nynorske lyrikken?

### **Samandrag**

Fokus på nynorsk litteratur i biblioteka gjør at utlånet vert høgare enn for andre bibliotek, sjølv om dei mest populære bøkene er dei same begge plassar.

Dei tilsette vart kursa to gongar kvart år i vaksen- og barnelitteratur og i kunnskap om nynorsk litteratur, dei såkalla Alverseminara. Prosjektet har utvikla mange metodar for å

formidle nynorsk litteratur mellom anna: Kortspelet: KAMP, multimedieprosjektet "Ingen stad som her", lyrikkspå: "Dikt for deg", litteraturformidlingsopplegga: "Eventyr er eventyrleg" og "Barcelonagjengen" og til sist litteraturfestivalen: "LeLittFestivalen"

## Konklusjon

Bevisst satsing nyttar. Det trengs både merksemd, skulering, kunnskap og ikkje minst at ein har eit klart mål for kva ein vil oppnå, men då er det mogleg å fremje lesing av nynorsk litteratur.

## Kapittel 2

### Alverseminara

Ved oppstart av nynorskprosjektet i 2008, var det viktig for oss å finne ein metode til å skulera dei tilsette i nynorsk barnelitteratur, frå 2010 trong vi den også til skulering i vaksenlitteratur.

Vårt ønske var å få ein presentasjon og vurdering av all barnelitteratur på nynorsk som var registrert i våre samlingar same år og dei bøkene frå året før som ikkje tidlegare var presentert. Sjølv sagt vart både fag- og skjønnlitteratur med. Ansvarleg for seminara (prosjektleiar) fordele bøker og tidsramme på biblioteka og biblioteksjefane delte bøkene på alle eigne tilsette.

Nokre forfattarar blei også presentert med heile sitt forfattarskap, slike at litteraturkunnskapane både vart aktuelle og ein kunne sjå ei utvikling.

Første året tok ein t.d for seg forfattarskapet til Gull Åkerblom, Rune Belsvik, Linn Sunne, Ingelin Røssland, Finn Øgland, Ragnfrid Trohaug, Lars Mæhle, Oddveig Klyve, Oddmund Hagen, Heikki Grøhn, Hildegunn Dahle, Atle Hansen, Lene Kaaberbøl, Hans Sande, Stein Helge Mandelid, Tore Elias Hoel, Magnhild Bruheim, Arnfinn Kolerud, Terje Jonassen, Gudrun Pausewang, Tony Ross, T. Hellesen, Vegard Markhus, Sylvelin Vatle og Marit Ihle. Dessutan vart seriar som t.d. Kometbøkene vurderte.

Etter 2008 hadde vi barnelitteraturseminaret om våren og gjekk grundig gjennom alle nynorske barnebøker som kom ut året før.

Frå 2010 var det eit sterkt ønskje frå LNK om at vi også skulle ta for oss vaksenlitteratur. Sjølv om vi ikkje hadde meir prosjektmidlar, utvida vi med eit ekstra seminar i året, juleseminaret, og gjekk då grundig til verks med utgjevingar av vaksen litteratur det året. På seminaret desember 2010 hadde vi også med ein aktuell, lokal fagbokforfattar Jan Olav Gatland om Ola Raknes og ganske passande : ”Ord og orgasme”.

Alverseminara har vore ein stor suksess på mange måter: vi får mykje kunnskap om litteraturen, alle dei tilsette er med, det gir oss ei kjensle av felleskap, at vi er mange som arbeidar med det same og for felles mål. Dessutan er det sosiale viktig og det dukker ofte opp gode ideear til vidareutvikling og nytenking.

## Kapittel 3

### Ingen stad som her



«Ingen stad som her» (*There is no place like here*) presenterar tekstilhandverk som er skapte i møter mellom 14 kvinner frå 5 ulike land. Utstillinga spring ut frå eit samarbeid mellom Senter for byøkologi og tekstildesignaren Heidi Winge Strøm. Gjennom utstillinga ynskjer dei å stille spørsmål ved korleis vi diskuterer migrasjon og det fleirkulturelle Noreg, og skape eit rom for refleksjon rundt korleis migrasjonsprosessar formar menneske, samfunn og stadane vi bur.»*Ingen stad som her*» utforskar teoriar om mobilitet, møte og stadsdanning.

«Ingen stad som her» er bygd opp rundt tekstilobjekt, film og fotografi frå prosjektet "Kulturell veving", som vart gjennomført i Ytre Arna vinteren 2009/10. Til kvart einskild tekstilobjekt er det knyta eit dikt av ein Hordalandsforfattar. "Kulturell veving" var ei reise i og mellom ulike tekstiltradisjonar, der 6 kvinner frå Bergensregionen og 8 kvinner frå asylmottaket i Ytre Arna utforska teknikkar, mønster og fargar for å utvikle nye tekstilobjekt. Dei 14 kvinnene hadde stor og variert kompetanse

innan tekstilhandverk, frå formell eller uformell sektor. Nokon har jobba med tekstil som kunstnarar, andre som handarbeidslærarar, nokon som sjølvstendig næringsdrivande, andre igjen først og fremst på hobbybasis. Kvinnene tok med seg sine kunniskapar og erfaringar og jobba intensivt saman gjennom fem workshopar. Prosjektet vart gjennomført som ein deltagande designprosess, under leiing av Winge Strøm. Resultatet av dette arbeidet vart 11 møbelpuffar i tekstil, som vart konstruert og designa gjennom felles eksperimentering og utprøving.

Puffane har røter i historiene som kvinnene hadde med seg inn i arbeidet, samt i historier frå den gamle tekstilindustristaden Ytre Arna, der arbeidet fann stad. Ordet puff kjem frå det engelske ordet "tue". Kvar puff er som ei lita tue, ein liten stad, som ber på historiene til dei menneska som har laga den.

#### Den opne staden.

I offentleg ordskifte vert asylmottak og dei som bur der ofte framstilt som truande framandelement, som vil bryta med eksisterande sosiale praksisar og føra til uønskt endring i eit lokalsamfunn. Ei slik forståing av asylmottak byggjer blant anna på ei bestemt forståing av korleis stader og samfunn vert til. Stad forstår ein i denne samanhengen gjennom ein containermetafor, det vil seie at staden framtrer som ein behaldar som inneholder eit etablert og ferdig definert sett av nettverk, relasjonar og interaksjonar. Det nye som blir tilført staden blir dermed fortolka i negative termar. Denne forståinga av den gode stad og samfunn ligg samstundes til grunn for den generelle innvandringsdebatten og samtalens om det fleirkulturelle Noreg. Det faste og varige oppfattast ofte som eit vilkår for samfunn, medan endring og rørsle vert oppfatta som ein trussel, og som eit avvik frå normaltilstanden.

«*Ingen stad som her*» tar utgangspunkt i ein påstand om at migrasjon, som ein av mange former for mobilitet, alltid har vore fundamentalt i skapinga av samfunn og sosiale relasjonar. Gjennom utstillinga undersøkjer Senter for byøkologi kva som skjer dersom vi nærmar oss forholdet mellom territorialitet og mobilitet på andre måtar. Territorialitet kan her forståast som det avgrensa, faste og varige. Den danske geografen Bærenholdt hevdar at vår frykt for mobilitet byggjer på ei falsk deling mellom territorialitet og mobilitet. Han viser nettopp korleis ulike former for mobilitet er eit vilkår for at menneske møtest og dannar samfunn. Slik blir også stadane der vi bur forma. Ut i frå ein slik tankegang undersøkjer Senter for byøkologi samanhengar som finst mellom rørsle, nærvær og tilknyting til stad. Puffane er bærarar av konkrete møte, som har gått føre seg på ein konkret stad. Samstundes dannar puffane i fellesskap eit spesifikt rom for publikum å tre inn i. Dette er ein stad som er skapt i samspelet mellom historiene som er vevde inn i dei ulike puffane.

Utstillinga inneholder ulike komponentar. I ein del av utstillinga blir publikum invitert inn i prosessen bak puffane, gjennom biletar og film. I ein annan del av rommet blir puffane vist saman med dikt av lyrikarane Aslaug Laastad Lygre, Einar Økland og Olav H. Hauge for å gje nye tankar til opplevinga. Til sist vert dei og synt saman med større fotografi som viser dei iscenesett i det norske kvardagslandskapet.

#### Visningar

Norsk Trikotasjemuseum, Salhus, Bergen, 14. mars - 18. april 2010

Norsk design- og arkitektursenter (DogA), Oslo, 26. april - 8. mai 2010

Osterøy bibliotek, Lonevåg, 20. mai - 13.august, Poesifestivalen

<http://www.sumarnatta.no>/Sumarnatta på Lygra 20.-22. august. Hausten til biblioteka i Nordhordland. Våren 2011 del av den kulturelle skulesekken på Osterøy. Vidareutvikla av Else Karin Bysheim. Elevane er med og skriv dikt til den puffen dei vil og etterpå tova borna blomar som vart ein del av utstillinga. Våren 2012 vart dette tilbydd gjennom Den kulturelle skulesekken i Hordaland

Medverkande

Prosjektleiing, konseptutvikling og utstillingsdesign første del av prosjektet: Senter for byøkologi (BYØK) jobbar for å fremje miljøvennleg og sosial stadsutvikling. BYØK arbeider i spenningsfeltet mellom forskning, utreiling, arkitektur og kunst og har ei tverrfagleg tilnærming, som vekslar mellom ulike metodar, formidlingsuttrykk og nivå. Dette gir mogelegheit for å nærme seg komplekse utfordringar innan stadsutvikling på nye måtar.

Tekstil- og utstillingsdesignar: Heidi Winge Strøm har Mastergrad i industridesign og tekstildesign med spesialisering i strikk og vev. Ho jobbar frilans som tekstildesignar og konsulent og pendlar mellom Noreg og Paris. Winge Strøm jobbar hovudsakeleg med arkitektar og designarar i utforminga av tekstilar til rom og produkt.

Tekstilhandverk: Adida, Eman Dahir Ahmad, Marit Kristine Bastesen, Else Karin Tysse Bysheim, Bente Dammen, Beate Buø Magnus, Fathia Ahmad Mahmud, Fatima Dahir Ahmad, Amal Dahir Ahmad, Yoga, Manoranjithamalar Pathmanapan, Jamal Elkadri, Reidun Rydland, Janniche Ryssdalsnes

Lyrisk vidareutvikling: «Nye tider nynorsk!» ved Bente Dammen. Osterøy kunstlag for andre del av prosjektet og for DKS, Hordaland.

Fotografi: Espen Kjelling og Vilde Andrea Brun og

Film: Shahrukh Kouvasi

Dikt: Olav H. Hauge, Einar Økland og Aslaug Laastad Lygre

Formidlar i Den kulturelle skulesekken, Hordaland: Else Karin Bysheim

Sitat: "Place is a meeting up of histories" og "Place is thrown-togetherness" er henta frå Doreen Massey si bok "For space" frå 2005. "We only meet if we move" er tittelen på eit arbeid av Olafur Eliasson frå 2004.

Meir informasjon

[www.kulturellveving.no](http://www.kulturellveving.no). [www.byokologi.no](http://www.byokologi.no) og Nordhordlandsbiblioteka

Puff 1  
**JULI**

Hagen min er full av roser -  
kom ein stad ifrå,  
og steig inn på silkehoser  
lett på tå

Steig herinn frå alveland  
doggvatlauga nyst,  
neiar for oss hand i hand,  
firvreldkyst.

Endå fleire - stille - hyss -

listar vart seg inn,  
søkjer sol og sumardrys  
att for angen sin.

Hagen min er full av roser.

Kom ver med og sjå -  
steig herinn på silkehoser  
frå det blå.

ASLAUG LÅSTAD LYGRE

Puff 2

EIN SUMAR HAR TUSENVIS GRØNE ENGER

Ein sumar har tusenvis grøne enger  
som byd oss til glade dans,  
og enga har tusenvis vakre blomar  
som ikkje skal plukkast til likferds-krans.

Ta av dine varme og tunge sko  
- trø lett i det tette gras.  
Livet har tusenvis gleder no  
som ikkje må trampast i knas.

Føster set merke i mold og sand,  
men graset det reiser seg att.  
Graset er mjukt som ei barnehånd,  
men molda er svart som natt.

ASLAUG LÅSTAD LYGRE

Puff 3

TÅRE, DU TARV IKKJE FALLA

Det var lite for deg  
men mykje for meg:  
Eit smil då det galdt  
og eit handtrykk var alt.

Tåre,  
du tarv ikkje falla,  
eg veit du er salt.  
OLAV H. HAUGE

Puff 4

DU LET SORGI DI FARA

Let sorgi di fara, og vinden tok henne med seg,  
du kasta kvida, og tidi bar henne burt.  
Men eg veit du vil finna steinar i vadet,  
Du ei øy i havet,  
ei bru yver Gjoll.

OLAV H. HAUGE

Puff 5

KVINNER

Flittige kvinnehender nøstar tida opp.  
Dei held den stram  
og halar den til seg.  
Dei viklar omkring sine faste, bøygde fingrar,  
kor godt er det ikkje!  
Rundare, fastare veks nøstet,  
ennå med den mjuke varmen i seg.  
Og kvinnehendene nøstar tida.  
Med eine handa roleg,  
den andre i strenge bogar.  
Kvinnene veit kvar dei skal.  
Deira tru er endelaus  
som tråden dei alltid  
må lage eit næste av

EINAR ØKLAND

Puff 6

HER HAR EG BUTT

Her har eg butt meir enn ein mannsalder.  
År med vind og stjernor i høg rigg  
har sight framum.  
Tre og fuglar har slege seg til her,  
men eg har ikkje roa meg.

Olav H. Hauge

Puff 7

ENNO BUR VINTEREN I LJOSSET

Enno bur vinteren i ljosset  
og kveldar i det fyrste graset,  
det er bredegrønt og kaldt  
etter han når han ris.  
Og når kirsebærtrei kjem,  
kjem dei med snø og legg  
systerkinn mot bredane.  
Løvetann sagar i i fjorgamle strå  
og eldar frostgule bål.

OLAV H. HAUGE

Puff 8

VI FEKK EIN DAG  
Vi fekk ein dag, eit år, eit liv  
og alle ting,  
og jorda rundt sin akse sviv  
og går i ring.

Og over oss er sol og sky og stjerneband,  
og kring oss dag og kveld og gry  
og hav og land.

Og heile verda ho er vår  
med alt som er.  
For meg og deg ho open står  
og til oss ber  
si grøda og si fargebragd  
og toneskjelv.  
Oss alle ting er underlagd  
frå hav til kvelv.

Vi er idag, men kverv mot kveld  
i æve-eim  
og kviskrar tungt og stilt farvel  
med denne heim,  
men i vårt far skal livet gro  
i tid og rom  
og skyta opp av dyre blod  
som grøne blom.

ASLAUG LÅSTAD LYGRE

Puff 9

TEPPET

Vev meg eit teppe, Bodil,  
vev det av syner og draumar,  
vev det av vind -  
Slik at eg, som beduinen, kan  
breida det ut når eg bed,  
sveipa det um meg  
når eg sov,  
og kvar morgen ropa:  
Bord duka er!  
Vev det til  
ei kappe  
i kulden  
til eit segl  
på min båt!  
- Ein dag skal eg setja meg på teppet  
og sigla burt på det  
til ei onnor verd.

OLAV H. HAUGE

Puff 10

ALLTID SKAL BØLGJENE SKRIVA

Alltid skal bølgjene skriva  
ved flo sjø  
sine teikn over sanden  
den kvite tavle.

Og alltid skal nokon koma  
ved fjøre  
og følgja havet si fingerskrift  
for å freista lesa seg vis

---

ASLAUG LÅSTAD LYGRE

Puff 11

EIT ORD

Eit ord  
- ein stein  
i ei kald elv.  
Ein Stein til -  
Eg lyt ha fleire steinar  
skal eg koma yver.      OLAV H. HAUGE

## Kapittel 4

### Dikt for deg - lyriksatsing

Vi fann tidleg ut at den nynorske lyrikken skil seg ut og har ein betre kvalitet enn mykje av prosaen, ikkje minst om ein samanliknar med tilsvarande på bokmål. Så vi ville gjerne grjere noko ekstra for å fremje nynorsk lyrikk.

Vi deltok på poesifestivalen på Lygra i 2010 med både nynorsk lyrikkutstilling og nynorsk «lyrikkspå» både for barn og vaksne. Forutan framføring av nynorsk lyrikk ved Andreas Høyland i Lindåsbokbussen «Nyfiken» og plakatutstilling om Aslaug Laastad Lygre og hennar dikt, laga av Lindås bibliotek.

Lyrikkspåen er utvikla i prosjektet. Det er ein tradisjonell «spå»:  
Men spådomen er i form av eit dikt.



Dei som var spådd fikk alle eit fint kort med «Dikt for deg» og spådomsdiktet lagt inni.(Sjå kortet under)

På førehand vart lyrikk av mange nynorskforfattarar lese og vurdert med tanke på om dei inneheld ein spådom. Utveljing av dikta både morosam og omfattande.  
Nokre forfattarar har meir dikt som passar inn t.d Olav H. Hauge og Åse Marie Nesse.  
For barna har ein også med nokre rim frå folkediktinga.

Vi endte opp med fire grupperingar av lyrikkspådomar:

1. for barn
2. for ungdom
3. for vaksne
4. i Olav H. Hauge sine dikt.

Spådamene dukka opp både på poesifestivalen og rundt i dei lokale biblioteka.(sjå oppslag i Bygdnytt under).

Dette er eit konsept vi vil vidareutvikle seinare med fleire dikt og større breidde. Erfaringa er at lyrikkspåen både var tankevekkande, spanande og gøy og skapte dessutan interesse for lyrikken.

Både barn og vaksne synes det er ein morosam måte å bli kjent med lyrikken på.  
Det mangla dikt for barnehagebarn og fleire spurte etter desse.

Etter å ha lese mykje nynorsk lyrikk og omrent all nynorsk skjønnlitteratur, mykje fag og all fag og skjønn for barn i løpet av desse åra, oppdaga ein og kanskje ikkje uventa, at det er meir kraft og kvalitet i lyrikken enn i prosaen.

Så kom sanninga fram: denne lyrikken må kome meir, enklare og betre ut til folk og ikkje minst som ”brukslyrikk” til mange samanhengar og markeringar. Difor tok vi med i søknaden til Hordaland fylkeskommune om KUP-midlar i 2010 at ein ville opprette ein nettstad for nynorsklyrikk, der ein får opp dikta i fulltekst, enkeltvis og dikta kan søkjast opp etter emne og tema for bruk i ulike samanhengar.

Dette fekk vi ikkje pengar til, men det er ein god ide som bør vidareutviklast.  
Kanskje er dette den beste måten å fremje nynorsk skjønnlitteratur på?

Kanskje kan dette vere aktuelle prosjekt for å fremje lyrikken:

1. Lyrikkspå for barn, ungdom og voksne - vidareutviklast
2. VestlandsDikt til puffane i "Ingen stad som her" som del av DKS med formidlar og kunstformidling på mange vis
3. Eigne Puffdikt dikta av barn inspirert av "Ingen stad som her" med på DKS, Hordaland sitt tilbod. Presenterast på nett.
4. Nettstad for vestlandslyrikk.
5. Poetisk holmgang
6. Lyrikkslam

Men sjølv med manglende KUPmidlar gav vi oss ikkje med lyrikken.

Mykje arbeid vart lagt ned i ideen om «**Nynorsk attraksjon**», men ein fekk ikkje NRK eller BT med på dette og det var ikkje tid til å jobbe meir med det.

Vi tenkte det omtrent som det ein i dag kallar poesislam, men vi ville dessutan gje poeng til original og nyskapande nynorsk.

Vi fekk også Linda Eide og Sylfest Lomheim med som domarar. Men NRK ville ikkje med før vi hadde testa det ut i lokalsendinga eller eit anna radio eller tvforum.

Ideen tenker vi å vidareutvikle. No først vert det i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek, Osterøy bibliotek og Osterøy vidaregåande skule. Vi håper å få med kandidatar til Undomens kulturmönstring i poesislam.

Kanskje er det første skritt på vegen for eit tilsvarande vaksenopplegg på ein TV-kanal?


Vi prøvde også starte Rapp for ungdom på nynorsk med Runar Gudnason, også kjend som sjef R i Side Brok. Gudnason. Han har jobba mykje med Hauge-rapping også med ungdom og han har eit særskilt forhold til bruk av nynorsk. Men dverre var han opptatt i heile 2011. Kanskje kan vi få til noko seinare?

Men vi fekk til ein multimedial og multikulturell kunstutstilling med nynorsk lyrikk og med svært stor publikumsinteresse og oppslutning. Det var utstillinga "Ingen stad som her" med kunsthandsverksfagleg vakre tekilstipuffar med kvart sitt dikt, kunstfoto og kunstdvd av prosessen og i samarbeid med Kulturvern ved Vefring. Sjå eigen omtale i kapittel 3.





Prosjektleiar Bente Dammen som spåkone



Eksempel på korleis ein spå kan sjå ut

# Kapittel 5

## Kortspelet KAMP!

Inspirert av det engelske kortspelet.... bilkarta frå åttitallet og "Rachels metode" for vurdering av bøker, gjekk vi fryktlause i gang med å lage vårt eige kortspel for 5.-7. klasse med utgangspunkt i 28 nynorske barnebøker.

Målet vårt var mangfaldig, vi ville:

- Vekke interesse for: god nynorsk litteratur
- Vekke: leseglede og leselyst
- Gje kunnskap om: aktuell litteratur  
klassikarar  
litteraturhistorie  
gode forfattarskap for barn  
gode seriar for barn  
spanande bøker  
fantasybøker  
morosame bøker  
kjærleiksbøker  
fotballbøker  
teikneseriar  
norske og utanlandske forfattarar  
lettlesne bøker

Og vi har også hatt eit lite sideblikk på litteratur av lokale forfattarar frå Nordhordland og Vestlandet.

Dessutan la vi vekt på at bøkene er å få kjøpt og at dei fleste også kjem til å vere i handelen, samt at ein kan få kunnskap om dei på andre måtar, t.d gjennom film, spel bokmålsbøker og lydbøker.

Alle bøkene er ikkje like godt eigna for alle barna. Men når ein spelar kortspelet om bøkene håper vi at ungane får litt kunnskap om innhaldet, korleis dei ser ut og ei gjenkjenning, når ein finn dei same bøkene, eller bøker i same serie eller av same forfattar på biblioteket eller i bokbussen.

Vår hypotese er at kortspelet er ein enkel og morosam måte å tilegne seg bokkunnskap og leselyst på.

### Utval av bøker

Med utgangspunkt i kriteria over, fellessamling 8.3.2010 og om litteraturen var tilgjengeleg valte ein ut 28 titlar.

På fellessamlinga 8.3.2010 var nesten alle dei tilsette var til stade og vi hadde også med oss høgskulelektor Tone Birkeland (HiB). På førehand valte alle dei tilsette ut sine tre favorittbøker for aldersgruppa 5.-7.klasse. Det var til saman 21 ulike titlar, sjølv om mange var felles, av desse kom berre 8 med mellom dei 28 bøkene i kortspelet, desse var : Atle Hansen: Den svarte øksen, Lene Kaaberbøl: Skammarens dotter, Maria Parr: Tonje Glimmerdal, Ingelin Røssland: Monstertanta, Bjørn Sortland: 12 ting som må gjerast, Michael Morpurgo: Kensukes rike, Berit Vatne Vik: Dagen om natta og Linn T. Sunne: Happy.

På førehand gjekk vi også gjennom : NYNORSK I 100! Alversund mållag lesetips for barn og ungdom (2006) 5 titlar herfrå er med. Nokre av bøkene ein ville ha med, var ikkje i handelen,

m. a ville vi veldig gjerne ha med Jon Fosse sine "Hundemanusskript". Andre kom ikkje med m.a. Bente Bratlund si bok «Eg er her» grunna vrangvilje frå forlaget. Av dei 28 utvalte bøkene er 13 skrive av norske forfattarar, nokre som Knoterud FK (Lars Mæhle) og Kasper på skulelaget (Jørn Jensen) kjem med parallellutgåver på bokmål, til saman 12 av bøkene finnast også på bokmål.

## Vurdering av bøkene

Bøkene blei vurdert etter «Rachels metode», genrekriteria og ein skala frå 1-6.

Først fekk vi ei innføring i Rachels metode for vurdering av bøker, tilpassa våre forhold av Bente Bing Kleiva. Så sat vi i grupper og diskuterte og vurderte alle bøkene etter følgjande genrekriteria : Humor, Grøss, Fantasy, Spenning, Kjærleik, Sider og Terningkast. Dette blei samla inn og ein fann så poengsum for dei ulike genrekriteria og alle fikk eit samla terningkast til slutt.

Etter at dei tilsette i biblioteka hadde vorte einige om korleis vurderingane skulle vere, og vi ville designe korta, dukka det opp eit uventa og stort problem: Ikkje alle forlag skjønte at dette var reklame for bøkene deira, dei problematiserte bruk av framside («reklameplakaten for boka») i forhald til rettigheitar for illustratøren, avklaring tok mykje tid. Men Samlaget var særskilt imøtekommende og det var også Gyldendal og CappelenDamm. Difor manglar vi nokre bøker som vi ville ha med, men vi måtte også ta omsyn til våre særsmå ressursar til dette arbeidet. Til design og layout fekk vi god hjelp av Vigdis Hellevang og ho var veldig lydhør for vår ønskje og løyste oppgåva på ei framifrå måte.

## Testing av spelet i skuleklassar i kommunen

Dette har vore gjort på fleire måtar, sjá eigen rapport frå Marit Gro Berge og hennar erfaringar i Lindås, men vi er ikkje ferdige med testing ennå.

Til testinga tilrådde vi at biblioteka sende med bokkassar med alle bøkene og ei skriftleg omtale av bøkene som bilag. Dessutan er det lurt at bøkene vert presentert for klassane t.d ved ein powerpointpresentasjon som ein slags bokprat(presentasjonen ligg som vedlegg). Presentasjon av bøkene i kortspelet Kamp ligg også på Bloggen vår

## Kamp

### Spelereglar

Bland korta og del ut med bletsida ned, dei ligg framfor spelaren i ein bunke. Alle får like mange kort. Trekk lodd om kven som skal begynne.

Kvar spelar tar opp øvste kortet frå sin bunke, og den som begynner vel ein kategori og seier høgste poeng (t.d. spenning: 8). Dei andre les sine poeng i same kategori. Spelar med høgste poeng vinn runden og tek alle korta, legg dei nedst i sin bunke og held fram til ein annan har høgste poeng.

### Kamp

Når to eller fleire spelarar har same poeng i same kategori, ropar ein: **kamp!** viser kortet og seier namn på ein av figurane i boka på kortet. Viss ein anna spelar kan namn på ein annan figur i boka, held ein fram til ingen kan fleire namn og den som kan det siste, vinn runden. Om ingen kan andre namn, vinn utfordraren.

### Vinner

Den som har alle korta til slutt, er vinnaren.



## Kortspel – liste over bøker:

- 1.Verdas mest forelska par av Rune Belsvik
- 2.Tim Brentloffs eventyr av Sylvelin Vatle
- 3.Berre ein hund av Per Sivle
- 4.Dagen om natta av Berit Vatne
- 5.Gummi-Tarzan av Ole Lund-Kirkegaard
- 6.Tonje Glimmerdal av Maria Parr
- 7.Skammarens dotter av Lene Kaaberbøl
- 8.Ei verdsomsegling under havet av Jule Verne
- 9.Happy av Linn Sunne
- 10.Hobbiten av J.R.R. Tolkien
- 11.Landet under isen av Lars Mæhle
- 12.Den svarte oksen av Atle Hansen
- 13.Georgs magiske medisin av Roald Dahl
- 14.Charlie og sjokoladefabrikken av Roald Dahl
- 15.Skatten på sjørøverøya av Robert Louis Stevenson
- 16.Frendelaus av Hector Malot
- 17.Den løyndomsfulle hagen av Frances H. Burnett
- 18.Kasper på skulelaget av Jørn Jensen
- 19.Knoterud FK erostrar verda av Lars Mæhle
- 20.Kensukes rike av Michael Morpurgo
- 21.Meisterdetektiven Blomkvist av Astrid Lindgren
- 22.Mio, min Mio av Astrid Lindgren
- 23.Monstertanta av Ingelin Røssland
- 24.Aldri tilfreds - Auroradagbøkene av Marie Desplechin
25. Drakegutten av Asbjørn Rydland
- 26.Rekrutten av Robert Muchamore
- 27.12 ting som må gjerast rett før verda går under av Bjørn Sortland
- 28.Gummi-Tarzan av Ole Lund-Kirkegaard

## Vedlegg:

**Marit Gro Berge** :KAMPEN FOR NYNORSK LITTERATUR:Et formidlingstiltak for 6. og 7. klasse.

Mappeoppgave 1; Kommunikasjon og formidling. Litteraturformidling, 2011 Høgskolen i OsloAvdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag (JBI)

Litteratur kan formidles på mange måter. I denne oppgaven vil jeg presentere et formidlingstiltak som går ut på å ta kortspillet KAMP i bruk for å vekke interessen for nynorsk litteratur hos barn i alderen 9-12 år. Jeg ville prøve ut spillet generelt og vurdere hvorvidt det kan erstatte den tradisjonelle bokpraten for den gitte aldersgruppen spesielt. Spillet ble introdusert samtidig som noen av bøkene i spillet ble presentert i en bokprat. Tiltaket ble prøvd ut for elevene i 6.- og 7. klasse på en mindre skole i kommunen der jeg arbeider.

### 1. Bakgrunn

8 kommunale bibliotek i vår region har i de siste årene samarbeidet om prosjektet "Nye tider – nynorsk". Prosjektet har som målsetting å styrke bruken av den nynorske litteraturen hos brukerne. Alle deltakerkommunene er nynorskkommuner, men ligger nært opptil en større by på Vestlandet der bokmål dominerer. Dette medfører at skriftspråket her er utsatt for større press fra bokmål enn andre steder. Mål og Meining, (St.meld. nr. 35 (2007-2008)) peker på at det bør være et nasjonalt fellesprosjekt å motvirke negative holdninger til nynorsk. Bibliotekene blir sett på som viktige støttespillere:

Som formidlar av språklege og litterære uttrykksformer er dei [bibliteka] viktige verkemiddel også i gjennomføringa av ein nasjonal språkpolitikk. Særleg spelar folkebiblioteka i så måte ei nøkkelrolle.

Folkebiblioteka er opne for alle og gjev tilgang til skjønnlitteratur og faglitteratur, vaksenlitteratur- og barne- og ungdomslitteratur, dessutan musikk, film og andre kulturuttrykk. Folkebiblioteka har eit særleg ansvar for norsk språk, norsk kultur og norsk kulturarv.

Gjennom det treårig prosjektet som blir avsluttet høsten 2011 med en regional litteraturfestival, ønsker bibliotekene bak "Nye tider – nynorsk" å ta sitt språkpolitiske ansvar på alvor. Bibliotekene har bl.a. 2 regionale samlinger for alle som arbeider i bibliotekene, der vi samarbeider om å presentere de nye nynorske bøkene for hverandre. Barnebøkene om våren og bøker for de voksne om høsten. På denne måten får hele personalet et god oversikt over hva som kommer ut på nynorsk.

### 1.2 Om KAMP

Ett annet tiltak i prosjektet er utarbeidelsen av kortspillet KAMP. Idéen er hentet fra en presentasjon på "Opening the book" sin hjemmeside av et engelsk spill.

Prosjektlederen har ikke funnet mer informasjon om kortene, og kjenner ikke til hvordan kortene er brukt i England

. KAMP er beregnet for aldersgruppen 9 – 12 år og skal vekke interessen for nynorsk litteratur gjennom 27 ulike skjønnlitterære bøker presentert på hver sitt kort. Kortene består av et bilde av en bok og en kort omtale av boka på 3-5 linjer. I tillegg har



boka på kortet fått poeng innenfor følgende kategorier: Humor, Grøss, Fantasy, Spenning og Kjærleik, Antall sider og vurdering ved bruk av terningkast er også tatt med for at bøker som ikke umiddelbart passer inn under de gitte kategoriene likevel skal kunne konkurrere. De som skal spille deler antall kort likt mellom seg og legger bunkene med tekstsiden ned. Alle tar opp ett kort av gangen, og den som begynner velger den kategorien på kortet sitt som har høyest poengsum. Alle leser opp sin poengsum innenfor denne kategorien, og den som har høyest sum får alle kortene. Den som tilslutt sitter igjen med alle 27 kortene har vunnet. I de tilfellene der noen av kortene har felles poengsum ropes *kamp*. Den som først sier *kamp* viser kortet sitt og sier navnet på en av personene i boka, hvis andre spillere kan flere navn

på personer i boka er det den som sier det siste navnet som har vunnet runden. Her er det altså et element av kunnskap om bøkene som kan være medvirkende årsak til om en vinner eller ikke.

### 1.3 Litteraturen i spillet

De 27 bøkene som er med i KAMP er bl.a. valgt ut fra kriteriet om at de skal være tilgjengelig i bokhandler. Bibliotekene og skolene skal kunne kjøpe inn bøkene som er med i spillet og ha de tilgjengelig for spillerne. Alle bibliotekene i regionen var med å velge ut gode nynorske bøker, mens prosjektleder redigerte de innkomne forslagene og gjorde kortene ferdig til trykking.

Det er mye som skjer med barna i alderen 9 -12 år og valget av litteratur gjenspeiler det. De enkleste bøkene som *Kasper på skulelaget* og *Gummi-Tarzan* vil passe for de yngste, mens *Drakeguten* og *Aldri tilfreds* retter seg mot de eldste i målgruppen. Vi ser likevel ikke at dette er et problem i spillsammenheng: De yngste vil spille med titler og få et kort innholdsreferat på bøker som de kanskje vil få lettere for å velge senere, mens de eldste vil kjenne igjen innhold og navn fra bøker de har lest tidligere og kan bruke det i spillet. Tanken er at spillet skal speile et bredt spekter av nynorsk barnelitteratur, fra klassikere til nyere norsk og oversatt litteratur. Også tegneserier er representert med *Soga om Olav Sleggja* og Tarjei Vesaas sin novelle *Ein motig maur*, forkortet og illustrert av Steffen Kverneland.

## 2. Gjennomføringen av formidlingstiltaket

Skodvin skule har 54 elever i 4 basisgrupper. Jeg besøkte de eldste elevene på skolen. Jeg ble kontaktet av læreren til elevene i slutten av januar og bedt om å holde en bokprat for elevene som jeg har gjort flere ganger tidligere for andre elever. Læreren fikk en kort presentasjon av det planlagte formidlingstiltaket rundt KAMP, og hun mente det ville passe fint inn i undervisningen. Siden biblioteket har etablert et samarbeid med skolen i forkant, trengtes det ikke noen formelle henvendelser eller andre PR-opplegg. Fordelen med skolebesøk er at biblioteket når ut til alle, og at en ikke trenger å legge arbeid ned i PR-virksomhet, ulempen kan være at motivasjonen for å høre etter er mindre enn hos de som kommer av "fri vilje" og at presentasjonen blir forbundet mer med skole og undervisning enn med lystlesning og glede.

